

## Kontrollutvalet i Hå kommune

## Møteinnkalling

|            |                                 |
|------------|---------------------------------|
| Møtested:  | Liten sal i 3. etasje Hå rådhus |
| Dato:      | 24.02.2016                      |
| Tidspunkt: | Kl. 12.00                       |
| Møtenr:    | <b>1 / 2016</b>                 |

**Til behandling:**

| Sak nr               | Sakstittel                                                                                         |
|----------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <a href="#">1/16</a> | Godkjenning av protokoll frå møtet 18.11.2016                                                      |
| <a href="#">2/16</a> | Orientering om Hå-skulane sitt resultat i den årlege elevundersøkinga knytt til trivsel og mobbing |
| <a href="#">3/16</a> | Bestilling forvaltningsrevisjon - Skulemiljøet i Hå kommune                                        |
| <a href="#">4/16</a> | Presentasjon av overordna analyse                                                                  |
| <a href="#">5/16</a> | Møte med politiske leiarar i samanheng med utarbeiding av ny plan for forvaltningsrevisjon         |
| <a href="#">6/16</a> | Rekneskapsoversikt kontroll og tilsyn pr 31.12.2015 - (årsrekneskap)                               |
| <a href="#">7/16</a> | Årsmelding 2015 for kontrollutvalet i Hå                                                           |
| <a href="#">8/16</a> | Statusoversikt februar 2016                                                                        |

**Referatsaker/[meldingar](#)**

|                 |                         |                                              |
|-----------------|-------------------------|----------------------------------------------|
| <b>Periode:</b> | 18.11.2015 - 24.02.2016 |                                              |
| <b>Nr.</b>      | <b>Arkivsak</b>         | <b>Referatsakstittel</b>                     |
| 1/16            | 16/00211-1              | Vedteke budsjett 2016 for kontroll og tilsyn |

Vennleg meld eventuelt forfall snarast på telefon 51 97 65 91 eller mobil 414 46 180, eller på e-post til [postmottak.rks@sandnes.kommune.no](mailto:postmottak.rks@sandnes.kommune.no).

Ved forfall vert varamedlemmer innkalla serskilt. Medlemmer som meiner seg inhabile, må og gje melding dette, slik at varamedlemmer kan innkallast.

Evt. saker merka (Unnateke offentleggjering i medhald av off.l) sendast berre til medlemmer/varamedlemmer.

Hå, 18.02.2016

Hans Obrestad  
Leiar av kontrollutvalet

Per Kåre Vatland  
Sekretariatet

[Kontaktinformasjon kontrollutvalet i Hå](#)

## **1/16 Godkjenning av protokoll frå møtet 18.11.2016**

Arkivsak-dok. 16/00201-1  
Arkivkode. 033  
Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

| Saksgang               | Møtedato   | Saknr |
|------------------------|------------|-------|
| 1 Kontrollutvalet i Hå | 24.02.2016 | 1/16  |

Protokollen frå møtet den 18. november 2015 vart lagd fram for kontrollutvalet til formell godkjenning, sjå vedlegg

### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Hå godkjenner protokollen frå møtet den 17. juni 2015.

SANDNES, 16.02.2016

Per Kåre Vatland  
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Protokoll Kontrollutvalet i Hå 18 11 2015](#)

[Saksliste](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.*

## **2/16 Orientering om Hå-skulane sitt resultat i den årlege elevundersøkinga knytt til trivsel og mobbing**

Arkivsak-dok. 16/00206-1  
Arkivkode. 047  
Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

| Saksgang               | Møtedato   | Saknr |
|------------------------|------------|-------|
| 1 Kontrollutvalet i Hå | 24.02.2016 | 2/16  |

### **Bakgrunn**

Kontrollutvalet i Hå skal i dette møtet bestille ein forvaltningsrevisjon om skulemiljøet i Hå, kor m.a. mobbing i Hå-skulane er eit tema som vil bli omhandla. Jærbladet hadde eit oppslag 10. februar i år, der dei tek fram resultat frå den årlege elevundersøkinga. Artikkelen peikar på at 7. og 10. trinn i Hå scorar dårlegare enn tilsvarande i Klepp og Time når det gjeld trivsel og mobbing. Tidlegare har det vore Hå-skulane som har låge lågast på denne statistikken.

### **Saksutgreiing**

Kontrollutvalet har invitert rådmannen til å orienter om dette i møtet. Kommunalsjef for opplæring og kultur Waldemar Pettersen møter for rådmannen. Han vil og vere tilgjengeleg for spørsmål knytt til bestillinga som kontrollutvalet gjer i neste sak.

### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

**Kontrollutvalet i Hå tek rådmannen si utgreiing til orientering**

SANDNES, 17.02.2016

Per Kåre Vatland  
Seniorrådgiver

[Saksliste](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.*

## **3/16 Bestilling forvaltningsrevisjon - Skulemiljøet i Hå kommune**

Arkivsak-dok. 16/00218-2  
 Arkivkode. 217  
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

| Saksgang               | Møtedato   | Saknr |
|------------------------|------------|-------|
| 1 Kontrollutvalet i Hå | 24.02.2016 | 3/16  |

### **Bakgrunn**

Kontrollutvalet vedtok i møte den 02.09.2015 sak 28/15, å bestille forvaltningsrevisjon av Skulemiljøet i Hå kommune. Prosjektet er valt ut frå prioriterte prosjekter i vedteken plan for forvaltningsrevisjon. Bestillinga skjer innanfor ramma for vedtatt budsjett for kontrollutvalet i Hå kommune.

### **Saksutgreiing**

Revisor har sendt over prosjektforslag (sjå vedlegg), som dannar grunnlag for bestillinga.

I prosjektforslaget er det føreslått følgjande føremål: *«Prosjektet skal undersøke korleis Hå kommune sikrar elevane eit godt psykososialt miljø på skulane.»*

Ut frå dette formålet, føreslår revisor å sjå nærmare på følgjande problemstillingar:

- Kva rutinar har Hå kommune for å sikre eit godt psykososialt miljø på skulane?
- Korleis arbeider skulane konkret med mobbesaker?
- Blir arbeidet med mobbesaker utført i tråd med gjeldande lovverk?
- Korleis sikrar kommunen at skuletilsette har tilfredsstillande kompetanse til å handtere mobbesaker?

Revisor føreslår ei ramme for prosjektet på ca. 200 timer.

I bestillingsprosessen må kontrollutvalet vurdere om formålet, problemstillingar og anna beskriving av prosjektet dekker det som kontrollutvalet ønskjer å oppnå med denne forvaltningsrevisjonen. Dersom utvalet ser andre problemstillingar som burde vore med, er det viktig å få disse med i dette møtet. Der er bestillinga som kontrollutvalet vedtar nå som er styrande for den rapporten utvalet til slutt mottar.

### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Hå bestiller prosjektet Skulemiljø i tråd med forslag til mandat og med dei endringar og presiseringar som kom fram i møtet.

SANDNES, 11.11.2015

Per Kåre Vatland  
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Forslag til mandat - Skolemiljøet i Hå - frå Rogaland Revisjon](#)

[Saksliste](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.*

**4/16 Presentasjon av overordna analyse**

Arkivsak-dok. 16/00207-1  
 Arkivkode. 144  
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

| Saksgang               | Møtedato   | Saknr |
|------------------------|------------|-------|
| 1 Kontrollutvalet i Hå | 24.02.2016 | 4/16  |

**Bakgrunn**

Som et ledd i utarbeiding av ny plan for forvaltningsrevisjon, skal det utarbeidas ein overordna analyse. Den overordna analysen skal gi risiko- og vesentlegheitsvurderingar av kommunens verksemd, for å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon i dei ulike sektorane og verksemdene. Analysen vart bestilt frå revisor av tidlegare kontrollutval. Revisor vil saman med presentasjon av overordna analyse og ha ein gjennomgang av temaet «forvaltningsrevisjon».

**Saksutgreiing**

Revisor vil i dette møtet presentere den overordna analysen av Hå kommune. Vidare vert det og gitt ei innføring i kva forvaltningsrevisjon inneber.

Hensikta med den overordna analysen er å få fram relevant informasjon om kommunen sine verksemdsområder, for å gjere det mogleg for kontrollutvalet å prioritere arbeidet med forvaltningsrevisjon. Lovgjevar krev at den overordna analysen skal baserast på ei vurdering av risiko og vesentlegheit.

- Med risiko meiner ein i denne samanhengen faren for at det kan førekome avvik frå regelverk, mål vedtak og andre føringar som kommunen har sett for verksemda. Risiko må vurderast for kvart einskilt tenesteområde i kommunen. Analysen skal difor vere med på å avdekke manglar og svakheiter som kan føre til slike avvik.
- For å prioritere mellom dei områda i kommunen kor det er identifisert risiko for avvik, må kontrollutvalet vurdere kor vesentlege desse områda er. Dette er ei vurdering som byggjer på skjønn, kor ein set dei ulike områda opp mot kvarandre, og avgjer kva områder utvalet meiner er mest vesentlege å vurdere.

I tillegg til den overordna analysen vil kontrollutvalet gjere eit arbeid med å innhente forslag til aktuelle prosjekter frå kommunen si politisk leiing, administrasjon, revisor, sekretariat og i tillegg kome med egne forslag. Alle desse forslaga må så vurderast på same måten. Ut frå desse vurderingane vil utvalet sitje igjen med dei prosjekta som dei vel prioritere i den endelege planen for forvaltningsrevisjon som dei skal utarbeide.

**FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Hå tek revisor si gjennomgang til orientering.

SANDNES, 17.02.2016

Per Kåre Vatland  
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Overordna analyse - Hå](#)

[Saksliste](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.*

## **5/16 Møte med politiske leiarar i samanheng med utarbeiding av ny plan for forvaltningsrevisjon**

Arkivsak-dok. 16/00207-3  
 Arkivkode. 144  
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

| Saksgang               | Møtedato   | Saknr |
|------------------------|------------|-------|
| 1 Kontrollutvalet i Hå | 24.02.2016 | 5/16  |

### **Bakgrunn**

Kontrollutvalet vedtok på førre møte at dei skulle ta stilling til kva informasjon som skal sendast ut til det politiske miljøet saman med invitasjon til å komme med innspel til Plan for forvaltningsrevisjon. I tillegg må kontrollutvalet òg ta stilling til korleis eit evt. møte for å få slike innspel skal gå føre.

### **Saksutgreiing**

Sidan kontrollutvalet er direkte underlagd kommunestyret, vil det vere viktig at representantar herfrå får komme med innspel til prosjekter som kan vere ynskeleg å ta med/prioritere i den komande planen. Det er likevel kontrollutvalet sjølv som har ansvar for den endelege prioriteringa med utgangspunkt i den overordna analysen når prosjekter skal prioriterast.

Sekretariatet legg opp til at gruppeleiarane og leiarar av hovudutvala vert invitert til ein diskusjon i kontrollutvalet der dei kan komme med innspel til prosjekter som dei måtte synest er aktuelle. Ordfører/varaordfører bør òg inviterast. Det vil vere mest aktuelt å leggje dette møtet før eit kommunestyremøtet. Aktuelle møtedatoar er:

- 31. mars
- 12. mai

Sidan kommunestyremøta startar kl. 18.00, er det naturleg å invitere til møte kl. 16:30. Når det gjeld 31. mars har sekretariatet avtala møte i ein anna kommune på same tida.

Det vert og lagt fram forslag til dokumenter (sjå vedlegg) som kan sendas ut som informasjon til politikarane – i tillegg til den overordna analysen.

### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Hå inviterer gruppeleiarane, hovudutvalsleiarar, ordførar og varaordførar til møte med kontrollutvalet i før kommunestyremøte den . kl. 16:30. Målet med møtet er at kontrollutvalet ynskjer å få innspel til moglege forvaltningsrevisjonsprosjekter i den komande planperioden.

Sekretariatet kallar inn avtalt møte. Som vedlegg til invitasjonen vert det lagd ved informasjon om forvaltningsrevisjon og overordna analyse.

SANDNES, 17.02.2016

Per Kåre Vatland  
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Forvaltningsrevisjon](#)

[Saksliste](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikke signatur.*

## **6/16 Rekneskapsoversikt kontroll og tilsyn pr 31.12.2015** **- (årsrekneskap)**

Arkivsak-dok. 16/00213-4  
 Arkivkode. 212  
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

| Saksgang               | Møtedato   | Saknr |
|------------------------|------------|-------|
| 1 Kontrollutvalet i Hå | 24.02.2016 | 6/16  |

### **Bakgrunn**

Kontrollutvalet har ansvar for å lage budsjett på eige område. Det inneber òg at dei har ansvar for å følge opp budsjettet gjennom året. Normalt skjer oppfølginga kvart tertial, men sidan kontrollutvalet skal behandle budsjettet i dette møte legg me fram ei rapport som er pr. 31.07.2015.

### **Saksutgreiing**

Rapporten visar at kontrollutvalet pr. 31.12.2015 har brukt kr 768.061,- som utgjør 70,4 % av samla budsjettamme. I tala sekretariatet har fått frå kommunen manglar to fakturaar, den siste frå kontrollutvalssekretariatet og den siste frå Rogaland Revisjon IKS. Desse utgjør til saman 98.100, slik at skulle samla forbruk skulle vore 866.161,-.

Når det gjeld utgifter knytt til kontrollutvalet, er det brukt om lag 55,6% av budsjettet. Det låge forbruket skuldast i hovudsak at utvalet har brukt lite på kurs, reiser og anna kjøp av tenester i 2015.

Kjøp av sekretariatstenester i følge rekneskapstala frå kommunen korrigert med den manglande siste fakturaen vil gje eit forbruk på 100% av budsjettet. Sekretariatet har betale tilbake kommunen sin del av tidlegare års overskot midt i året. Dette må kommunen ha ført på ein anna stad i rekneskapen, då utbetaling vart trekt frå på den andre fakturaen i 2015.

Korrigerer me kjøp av revisjonstenester med den manglande siste fakturaen frå Rogaland Revisjon stemmer forbruket nøyaktig med oppgåve frå revisor. Forbruket vil då utgjere 86,4 % av budsjettet til kjøp av revisjonstenester .

### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Hå tek rekneskapsoppfølging kontroll og tilsyn pr. 31.12.2015 til orientering.

SANDNES, 17.02.2016

Per Kåre Vatland  
 Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Rekneskapsoversikt kontroll og tilsyn pr 31.12.2016](#)

[Saksliste](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.*

**7/16 Årsmelding 2015 for kontrollutvalet i Hå**

Arkivsak-dok. 16/00204-2  
 Arkivkode. 033  
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

| Saksgang               | Møtedato   | Saknr |
|------------------------|------------|-------|
| 1 Kontrollutvalet i Hå | 24.02.2016 | 7/16  |

**Bakgrunn**

Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret. Rapporteringa skjer dels løypande ved at rapporter mm. vert sende til kommunestyret for sluttbehandling. Det same gjelder meldingar om oppfølging av rapporter. Som eit ledd i rapporteringa inngår og årsmeldinga og årsplanen.

**Saksutgreiing**

Årsmeldinga summerer opp alt arbeidet som kontrollutvalet har gjort i året som gjekk.

Årsmeldinga gir ein oversikt over kontrollutvalet sitt arbeid med:

1. løpande tilsyn med kommunes forvaltning,
2. oppfølging i forhold til revisjonen, kommunen sine rekneskapar og internkontroll,
3. bestilling av forvaltningsrevisjonar, behandling av rapporter og oppfølging av desse,
4. bestilling av selskapskontrollar, behandling av rapporter og oppfølging av desse.
5. kontrollutvalet sine oppgåver med budsjett for kontroll og tilsynsarbeidet og oppfølging av dette.
6. andre arbeidsoppgåver kontrollutvalet har hatt i 2014.

Som det går fram av årsmeldinga har kontrollutvalet i det alt vesentligaste nådd dei mål som vart sett i årsplanen for 2014.

**FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Hå vedtek framlagt årsmelding for 2015.

Årsmeldinga vert oversend til kommunestyret til orientering.

SANDNES, 17.02.2016

Per Kåre Vatland  
 Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Årsmelding 2015 - Hå kontrollutval](#)

[Saksliste](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.*

**8/16 Statusoversikt februar 2016**

Arkivsak-dok. 16/00292-2  
 Arkivkode. 217  
 Saksbehandler. Per Kåre Vatland

| Saksgang               | Møtedato   | Saknr |
|------------------------|------------|-------|
| 1 Kontrollutvalet i Hå | 24.02.2016 | 8/16  |

**Bakgrunn**

Statusoversikten er kontrollutvalet sitt verktøy til å fylgje saker som går over fleire møter. Dette gjeld forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar som vert fylgt frå dei vert bestilt og til dei er endeleg følgde opp. Men òg andre type saker som krev oppfølging kan takast med i oversikta.

Oversikta vert oppdatert til kvart møte.

**Saksutgreiing**

Målet med saka er å gje kontrollutvalet ei oppdatert oversikt over status på dei ulike sakene, så lenge dei er under behandling. Men oversikta er òg laga slik at den viser kva saker utvalet har arbeidd med i perioden.

Under denne saka kan kontrollutvalet òg ta opp spørsmål i tilknytning til sakene. Det vert òg lagt opp til at revisor under denne saka kan gje utvalet orientering om status på prosjekt dei arbeider med, og avklare endringar om dette er nødvendig.

I oversikta er det lagt opp til at rapportane som er bestilt, vert levert i 2016, så langt dette let seg gjere innanfor budsjettet.

Endringar til dette møtet:

- Endeleg bestilling av forvaltningsrevisjon «Skulemiljøet» er behandla i dette møte, i eigen sak.
- Overordna analyse vart presentert i dette møtet, sjå eigen sak
- Oppfølging av forvaltningsrevisjonen «Jordvern» er utsett til møtet 20.04.2016

**FORSLAG TIL VEDTAK:**

[Kontrollutvalet i Hå tek statusoversikt februar 2016 til orientering.](#)

SANDNES, 25.01.2016

Per Kåre Vatland  
 Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Statusoversikt over kontrollutvalet sine saker - februar 2016](#)

[Saksliste](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.*

## **Referatsaker/meldingar**

[1/16 Vedteke budsjett 2016 for kontroll og tilsyn](#)

[Saksliste](#)